Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Tilleggsspørsmålnr. 7 - Skav

Emne:

Oppskr. av: Jens. J. Lavik, f. 1881

(adresse): Eksingedalen

Fylke: Hordaland

Herad: Modalen

Bygdelag: Eksingedalen

Gard: Lavik

G.nr. 90 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. og gamle folks forteljing

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det er ikkje kjent her ifrå bygdi; at Kråkehandlarar betala meir for Kyr, elder slagteuksar, som hadde fenge skav um vinteren.

2. Nei, det var ikkje tru elder røynsla for, at Kyr som hadde fenge mykje skav um vinteren fekk kvast Kjøt.

3. Det var helder ikkje tru elder røynsla for, at mjølk frå ei Kyr, som hadde fenge skav, var fårleg for Kalvar elder smågriser.

4. Skav var halde for eitt so godt hjelpefor, at kunde ein mann føda 4 Kyr på høyet, so kunde han skava for ei Kyr, og føda 5. Då laut dei skava til dagen, for eitt fullt mål. Husbonden skar helst um Kveldane, var veret lagleg, so hadde han arbeid um dagen, med å ha skav og ved heim. Var der ein kårmann, so skar han ofta um dagen.

5. Andre reidskap enn skavljå kjenner eg ikkje til her frå bygdi.

6. Når dei skar småskav - upphogde kjeppar - so heldt dei skavljåen med høgre handi. Den andre enden av skavljåen - utan skaft - låg elder vart stødd åt ein stolpe elder staur, som rakk frå golvet og upp i beten. Skav-

9311

kjeppen tok dei i vinstre handi, og førde honom av og til, mot skavljåen. Dei kunde og stå skavljåen mot ein sengestolpe, men då batt dei noko på sengestolpen, utan vart han snart utskjemd. Sume hadde laga seg serskilt skavbenk. Dei sat umskreves benken, og i eitt hol i benken sette dei upp ein noko tjukk tein, med hol i. Skavljåen lagde dei so i det holet, no låg ljåen sutalaust, og seig ikkje ned under skavingi.

7. Dei gardar som ikkje hadde skavskog, fekk ikkje skava noko, men det var berre øvste fjellgardane. Veit ikkje av at nokon kjøpte eller leigde skavskog.

8 I sameigeskog – gardsmannskog – kunde ein mann åleina ikkje taka skog, dei måtte vera alle eigarane um det. Då skifte dei vedskog og skavskog so likt råd var.

9. Almenningsskog var ikkje her.

10. Husmannsskipnaden var slutt med her i bygdi, nokolite fyre mi tid. Husmennane hadde visse teigar dei kunde hogga i, og der kunde dei taka skav og, fortalde dei gamle.

11. Skavbrella kjenner eg ikkje til, har aldri høyrt um det.

12 At bukkekallen, nissen eller huldrar kunde setja skavet attpå skavveden er ukjent.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING